

Universell utforming



Strategi for betring av universell utforming i den fylkeskommunale bygningsmassen

I 2014 vart det utført ei kartlegging av den fylkeskommunale bygningsmassen med tanke på universell utforming. Denne rapporten tek utgangspunkt i bygg oppført etter TEK 10. Sjølv om ingen av bygga den gong var oppført etter denne standarden vart dette likevel valt som referanse, sidan det var dette nivået ein måtte legge seg på ved nybygg. Dei ulike punkta som vart kartlagt, vart vurdert utifrå tre nivå:

- H (Høg): tilfredsstillar Tek 10
- M (Middels): fungerer
- L (Låg): fungerer ikkje

Rapporten peika på nokre større/tyngre tiltak som bør utbetrast. Dette går i hovudsak på kommunikasjonsvegar (for liten/manglande heis), for små og få HC garderober og tilgjengelege HCWC.

På bakgrunn av dette legg bygge- og eigedomstenesta til grunn fylgjande strategi for oppfylging av universell utforming i den fylkeskommunale bygningsmassen:

1. **Nybygg vert oppført etter gjeldane standard (TEK-10 / TEK-17), samt NS-11001**
2. **Ved ombygging/rehabilitering av bygg kan det vere begrensingar i eksisterande bygningsmasse. Det skal likevel gjerast tiltak som betrar bygget med tanke på universell utforming ut frå individuelle vurderingar knytt til det ein skilde tiltak. Det skal i slike prosessar gjerast ei kost-nytte-vurdering.**
3. **Når det gjeld mindre tiltak, peikar rapporten på m.a.**
 - a) **Orientering;** skilting, utvendig og innvendig.
 - b) **Trapper/ramper;** luminanskontrast og taktil markering
 - c) **Dørrar:** dørpumper, montert av «brukshensyn».

Dei større tiltaka omfatta av pkt 1 og 2 over, skal inkluderas i det ein skilde prosjekt etter kvart som det vert løyvd rammer og vedteke prosjektgjennomføring.

Dei mindre tiltaka omfatta av pkt 3 over, skal gjennomførast som mindre tiltak og løyvast ut frå årlege vedlikehaldsbudsjett og i samsvar med vedlikehaldsplan.

Det er ei målsetting at ein innan ein 5-6 års periode (2020) har utbetra punkta som fekk vurdering L, og deretter gjennomføre ei oppdatert kartlegging for å sjå utviklinga i arbeidet og ev. gjere korrigerande tiltak.

